

Nye Ålesund kommune

Haram - Sandøy - Skodje - Ørskog - Ålesund

Møtereferat

Delprosjekt: A9 – Utvida prosjektgruppe for revidering av VA-NORM

Møtestad: ID-Huset 2.etg

Dato: 3.11.2017

Tid: kl.8.15-12.30

Møteleiar: Kim A. Breivik

Deltakarar:	Kommune/repr.
Frode Helland	Skodje
Magnar Kvalvik	Skodje
Morten Sloth- Fjordside	Ørskog
Jan Ove Longvastøl	Ørskog
Kjell Sindre Johansen	Haram
Jan Bjarne Valde	Haram
Svein Johansen	Ålesund
David Chris Mertsching	Ålesund (TV)
Kim A. Breivik	Sandøy
Gerhard S. Fitje	Sandøy


Forfall: Camilla Waagbø Nilsen, Bjørn Skulstad, Karsten Almås.

Sakliste:

1. Revisjon VA-norm 14-15.nov.

Innstilling er at alle fem kommunane må vere med, med nok representantar til å faktisk få jobba ut ei felles va-norm for nye Ålesund, dette medfører at både fagfolket og beslutningstakarar må vere med. Dette er arbeid vi må gjere før 2020 uansett, og ved å bruke dette etablerte samarbeidet v. Tobias Dahle, kjem vi raskare til målet og slepp å bruke meir tid til det i delprosjektet. Status er at Skodje og Sandøy var med sist og Ålesund var med som observatør.

Alle kommunane vil vere med på revisjonsarbeidet 14-15.nov. Vi sett opp neste møte i A9 som eit utvida møte for å gå gjennom VA-Norma, utfordringar og innstilling ift. Revisjonarbeidet. Møtet blir i Brattvåg 3.11. kl. 08.15.-12.00, Til dette møtet kallar vi inn alle som skal vere med på revisjonsarbeidet, Frå Sandøy Kim og Gerhard S. Fitje, Ørskog: Morten Sloth-Fjordside og oppsynsmann, Skodje: Frode Helland og Magnar Kvalvik, Haram: Jan Bjarne Valde og Camilla Waagbø Nilsen, frå Ålesund: Bjørn Skulstad, David Mertsching, Karsten Almås og Svein Johansen.




Nye Ålesund kommune

Haram - Sandøy - Skodje - Ørskog - Ålesund

Tobias Dahle vil ha tilbakemelding neste veke ift. Bestilling av hotell m.m., kvar enkelt melder seg på til Tobias Dahle. Kim tek kontakt med Tobias Dahle i veke 41 og ber om at han sett opp forslag til eitt arbeidsopplegg den 14.-15.11 som gjer at nye Ålesund får samordna ei felles VA-Norm.

Referat og konklusjonar:

1. Presentasjonsrunde. (Tek kun med dei som ikkje allereie er med i A9)
 - Jan Valde – Avløp (vatn, veg) Haram kommune
 - Svein Johansen – teamleder avløp Ålesund Kommune.
 - Jan Ove Longvastøl – Oppsynsmann veg, vatn og avløp Ørskog kommune.
 - Gerhard S. Fitje – driftsleder teknisk – Sandøy kommune.
2. Orientering generelt om reformarbeidet, kva som ligg av sentrale føringar for delprosjekt og A9 sin plass i prosjektorganisasjonen.
3. Gjennomgang av mandatet for A9 VAR.
4. Va-Norm. Nye Ålesund skal ha ei felles va-norm, og denne må vere på plass til 1.1.2020. A9 beslutta i møte 6.10.17 at vi skal vere med no når Driftsassistansen sitt planlagde revisjonsarbeid tek til 14.-15. November. Målet er at nye Ålesund får ei felles va-norm med so få lokale bestemmelser som muleg. Ved å delta i dette revisjonsarbeidet kan vi også harmonisere mest muleg med nabokommunene som ikkje blir ein del av nye Ålesund og. Dette vil gi enklare rammebetingelser for prosjekterande, utførende og kundar i heile distriktet. Vi vonar dette arbeidet er ferdigstilt i løpet av vår 2018. Tobias Dahle har regi på revideringa, og vil leie møtene og skriftleggjinga av dokumenta. Dette er dermed ikkje ein eigen prosess for nye Ålesund, vi skal følge det felles revisjonsarbeidet.
5. Drøfting av Va-Norm. (Nedanfor følgjer drøfting og kommentar for dei einskilde punkta, der Ålesund sine lokale bestemmelser er sett opp mot det som gjelde i felles norm for Sunnmøre).
 - Kap 1, s.2 lokale bestemmelser kjem ikkje fram på vanorm.no.
 - 2.0. Ålesund har ikkje noko om levetid i år. Muleg vi andre kan kutte den.
 - 3.0. Må unngå at anlegg ikkje oppfyller standardkrav, må stå at vi skal ha til gjennomsyn, Ålesund har lok best om rammeplan for VA. Korleis skal grensesnitt mot kommuneplan vere for dette punktet? Vi treng ikkje dobbeltkrav. Ålesund praktiserer utbyggingsavtaler, det er ikkje alle andre som gjer. Kan lokale bestemmelse under pkt. 3.0. Tas inn spor standard tekst i utbyggingsavtalene?
 - 3.2. Ålesund har ikkje lok best her, usikker på om treng denne, dersom det blir fanga opp i utbyggingsavtalene.
 - 3.3. Usikkert om vi treng denne.
 - 3.4. Ålesund har krav om kartformat, dxf, sosi. Treng å sikre oss at vi får data i det format vi treng for vidare import i kartforvaltningssystem. Kva med digital terrengmodell? Er dei ulike papirformat unødig å krevje? Vi har mål om digitalt førstevalg, og vi må tilpasse krava til dette.
 - 3.5. Er den lokale best nødvendig, klare vi å følge dette opp?
 - 3.6. Er den generelle bestemmelsen så utydelig at vi treng denne? Ålesund har lok best om pumpestasjoner.
 - 3.7. Burde den lok best om bend ligge ein anna plass? Grunntilhøve burde stå under kap.4.



Nye Ålesund kommune

Haram - Sandøy - Skodje - Ørskog - Ålesund

Ålesund har ikkje krav om duk.

3.8. Ålesund har ikkje noko her. Haram har bruk Ø800 lokk, kjem dette under kap for kum?
Kan vi kutte denne her?

3.9. Ålesund har ei heil side med lok best her, bør den gjelde for alle? Haram har ikkje gitt frå seg s-verdi på eks. Anlegg, vi må ha atterhald om høgde for å unngå å sette oss i ansvar. Det er ønskelig at vi er i stand til å måle alt sjølv i nye Ålesund.

3.10 Ikkje alle som har eget regeverk, kan kutte ut denne om vi har regulert dette i Anna regelverk. Graveløyve er ikkje godkjenning av va-søknad eller løve etter PBL. Trensing er ikkje tillat i Haram, det bør på grunn av ulempene det medfører gjelde for alle.

3.A. Må vere med, kan siste avsnitt sløyfast?

4.0. Ålesund har ikkje denne, er den unødig?

4.1. Ålesund har to nivå (under 4.4). Her må vi samordne oss.

4.3. Her må vi ha krav som sikrer at personell med kompetanse er i grøfta.

4.4. Kva er Anna konstruksjon? Er det muleg å forbedre denne med forholdstall på dupne/avstand? Støttemur må vere nemnt her. Ålesund har at byggverket fundament skal vere djupare enn va-ledningene, er dette bedre løysing for alle? Kan vi kalle alt Va-ledning og unngå skildring som hovedledning? Ålesund har avstand 2 meter til andre kabeletater, vi har 1 m. Her må det samordnes slik at utførende har eitt klart og entydig regelverk.

4.A. Ålesund har lok best.

5.0. Enighet om at denne må vere med, og at dei ulike anlegga må vere heilt adskilt.

5.1. Ålesund har ikkje lok best, avgjer dette i kvart enkelt prosjekt, det er situasjonsbetinga og spørsmålet er om va-miljøblad er dekkende.?

5.2. Hage- /jordbruksvanning, høyrer dette heime i eitt sanitærrelgement i staden for her?

5.3. Er dei lok best eigentleg dekt godt nok i sentral best? Ålesund har litt andre krav her. FOBTOT er utgådd.

5.4. Ålesund viser til N200 for frostfri dybde, og det vert gjort vurdering i kvart prosjekt, slik at det ikkje er praktisert ei fast djupne. Det er enklare å ha ei djupne å vise til, men det vi i mange prosjekt medføre unødig høge kostnader ved at ein grev djupare enn det som er naudsynt. Frostfri djupne vil variere sterkt med jordsmonn og omfyllingsmasser.

5.6. Lok best skulle sikre eit minimum av kvalitet. Kan siste setning i sentral best eigentleg erstatte lok best?

5.7. Er det dobbelt krav om tersing? Er dette meint i grøft? Viktig å lagre riktig, 3.mnd lagring bør vere krav for tildekking.

5.8. Her har Ålesund venstrestengde sluser. Kva gjer vi frå 2020? Kan ein ha geografiske avgrensinger, eller sette ein dato der vi alle bruker bransjestandard med høgrestende sluser? Her er det truleg i grenseland å spesifisere produsent. Kvalitet er viktigere enn merke.

5.10. Sandøy anborer ikkje (slutta på tidleg 90-tal). Vi sett ned kran for kva enkelt i kum (same gjer Haram). Ålesund bruker samlekkummer i bustadfelt. Problemstilling er ansvar når dette ligg i samme grøft. Eigne kummer med kraner til alle fordyrer prosjekt, men blir nytta i ein del tilfelle. Sandøy praktiserer at grensesnitt mellom privat/offentleg er i kumvegg. Kven har ansvar om andre går i våre kummer? Er det i dette tilfelle betre å gå over til Stavanger sin praksis der dei tek over anlegg som ligg i offentlig grunn, og grensesnitt eigedomsgrensa?

Møtet slutt 12.30.

Ref. Kim A. Breivik